



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 23.02.2021
Møtested: Fjernmøte
Møtetid: 08:30 - 10:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

ORIENTERINGAR

Fast orientering frå rådmannen

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
03/2021.1	SØKNAD FRA BERGSDALEN BYGDELAG LIV OG LYST
03/2021.2	Løyving av kommunalt bidrag til Bergsdalen LoL i tilfelle treårig prosjekt
04/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES IDRETTSLAG FOR INNKJØP AV KAJAKKAR OG DELTAKING PÅ PADLEKURS

15. februar 2021

Edvin Hesjedal
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.02.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/190

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.02.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/190

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 10.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 10.11.2020
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: 08:30 - 10:00

ORIENTERINGAR

Fast orientering frå rådmannen

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalsleiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Andre møtande:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
24/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
25/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
26/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
27/2020	HØYRING - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2024
28/2020	TIL HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE
29/2020	VIDAREFØRING AV KONSEPT UTLÅN ELSYKKEL I REGI AV BULK
30/2020	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MYLDER GJENBRUKSBUTIKK PÅ VAKSDAL - 2020.



24/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Samrøystes godkjend.

BYG - sak 24/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

25/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Samrøystes godkjend

BYG - sak 25/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

26/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Forslag frå Bygdeutviklingsutvalet, lagt fram av Edvin Hesjedal, H

Me ber om å få ei utgreiing vedrørande køordning for gatelys i Vaksdal Kommune. Finns denne ordninga framleis og kva er evt status?

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om referatsakene.

Utvalet drøfta referatsak 26/2020.01 Innspel til rutetabell.

Utvalet ønskjer at frist for innspel vart forlenga ei veke og at informasjon vart kunngjort i aviser.

Utvalet drøfta referatsak 26/2020.02. Lysstolpar til turløype.

Edvin Hesjedal, H, la fram følgjande fellesforslag:

Me ber om å få ei utgreiing vedrørande køordning for gatelys i Vaksdal Kommune. Finns denne ordninga framleis og kva er evt status?

Referatsakene vart samrøystes teke til orientering.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 26/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Vedtak i sak 26/2020.02 - Lysstolpar turveg

Me ber om å få ei utgreiing vedrørande køordning for gatelys i Vaksdal Kommune. Finns denne ordninga framleis og kva er evt status?

27/2020: HØYRING - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2024

Framlegg til høyringsuttale frå utvalet/rådet:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel:

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020



Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Områder som vart spelt inn:

- Eigen folketalsutviklingsplan
- Klima og miljøplan
- Kulturplan

BYG - sak 27/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til orientering

28/2020: TIL HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE

Framlegg til høyringsuttale frå utvalet/rådet:

Utvalet/rådet tar saka til orientering og gjev følgjande uttale:

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

BYG - sak 28/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til etterretning

29/2020: VIDAREFØRING AV KONSEPT UTLÅN ELSYKKE I REGI AV BULK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for bygdeutvikling støttar at elsyklane vert leigt ut frå BULK frå 2021.

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:



Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

Utvalet ønskjer å invitera BULK til neste møte for å orientera om sitt arbeid.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 29/2020 Vedtak/Tilråding:

Utval for bygdeutvikling støttar at elsyklane vert leigt ut frå BULK frå 2021.

30/2020: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MYLDER GJENBRUKSBUTIKK PÅ VAKSDAL - 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune dispenserer frå søknadsfristen og løyver inntil kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Mylder gjenbruksbutikk, v/ Jenni Haugland. Midlane skal nyttast til å førebu oppstart og gjennomføre aktuelle aktivitetar og tiltak i butikken/ved sentertorget på Vaksdal. Tiltaka/aktivitetane skal ha ålmennyttig karakter.

Tilskottet kan dekkje faktiske utgifter og verdien av gjennomført dugnadsarbeid (a kr 300,-/t).

Løyvinga står ved lag ut 2021.

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 30/2020 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune dispenserer frå søknadsfristen og løyver inntil kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Mylder gjenbruksbutikk, v/ Jenni Haugland. Midlane skal nyttast til å førebu oppstart og gjennomføre aktuelle aktivitetar og tiltak i butikken/ved sentertorget på Vaksdal. Tiltaka/aktivitetane skal ha ålmennyttig karakter.

Tilskottet kan dekkje faktiske utgifter og verdien av gjennomført dugnadsarbeid (a kr 300,-/t).



Løyvinga står ved lag ut 2021.

FJERNMØTE

Møtet vart gjennomført som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og vedtak i kommunestyret, sak 65/2020.

SPØRSMÅL

Arne Normann, Krf, stilte spørsmål knytt til fullfinansiering av Dalseidvegen.
Leiar Edvin Hesjedal svarte.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.02.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/190

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
03/2021.1	SØKNAD FRA BERGSDALEN BYGDELAG LIV OG LYST
03/2021.2	Løyving av kommunalt bidrag til Bergsdalen LoL i tilfelle treårig prosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Til Vaksdal kommune
v/ Oliver Gravermoen
5722 DALEKVAM

Fra Bergsdalen Bygdelag
v/ Karin Groth
5722 DALEKVAM
Høgabuveien 12

Bergsdalen, 01.12.2020

Søknad til 3 årig Liv og Lyst prosjekt, kommunens medvirkning

Bergsdalen Bygdelag har deltatt på det ett årige Liv og Lyst prosjektet fra fylkeskommunen.

Nå søker vi om videre deltaking på det tre årige hovedprosjektet.

Tiltak: Fortsetting av mobiliseringsprosessen og skapa utviklingslyst og aktivitet i lokalsamfunnet.

Vilkår for tildeling:

I søknaden om tre årig deltakelse er det krav om kommunal deltaking med en kontakt fra kommunen (Oliver Gravermoen kontaktperson).

I tillegg er det ett krav om at kommunen må medvirke med minst kr 30.000 årlig i prosjektet.

På grunnlag av det oven nemnde søker Bergsdalen Bygdelag Vaksdal kommune om årlig kr 30.000 til Liv og Lyst prosjektet.

Målet i prosjektet vårt er å skape fellesskap og dermed samhold og dermed utvikling i Bergsdalen.

Bergsdalen Bygdelag håper at Vaksdal kommune svarer positiv på søknaden vår slik at vi kan fortsette med Liv og Lyst prosjektet til beste for dalen og kommunen.

Mvh.

Karin Groth

Leder Bergsdalen Bygdelag

Kort Beskrivelse

Tre-årig hovedprosjekt LivOgLyst Bergsdalen

Prosjektbeskrivelse

Bergsdalen Bygdelag ynskjer å halda fram med arbeidet om å skapa engasjement om LivOgLyst prosjektet i bygda. Fordi det i år har vore eit vanskeleg år med pandemi, ligg vi litt etter med forprosjektet, men vi har jobba godt i haust for å komma lengst mogeleg, og mykje er no begynt å ta form. I desse dagar går det ut ei spørjeundersøking til ungdom, både fastbuande og utflytta. Denne vil gje oss eit grunnlag for vidare arbeid.

Me har nok ikkje klart å avvikla dei folkemøtene vi hadde tenkt, det siste skulle vi ha når smittebølge to slo inn over oss. Der skulle vi bl.a. få besøk frå Åkrafjorden Oppleving, men dette måtte vi no setta på vent.

Det første mobiliseringsmøtet vårt vart halde i november 2019. Mange idèar og gode innspel kom inn. Sidan har vi ikkje hatt fleire samlingar utanom årsmøte i laget. Her var det fokus på skulebygget, og kva det kan nyttast til.

I søknad til 1-årig prosjekt, var det brukt ein del tid i omtale av skulen. Etter som bygget skal inngå i eit større utviklingsprosjekt av dalen, og behøver ein heilt anna fokus enn det LivOgLyst skal driva med, trur vi det er best at skulenbygget ikkje skal inngå som eige LivOgLyst prosjekt i denne omgang. At den kan bli det etter kvart, kan godt henda. men med tanke på økonomi og organisering er det fort gjort at det ikkje er meir liv og lyst igjen til andre ting.

Skulen er grendahuset vårt og hjertet i bygda, og ein god ressurs når det kjem til mogelegheiter for nye prosjekt. Mange av aktivitetane vi har i dag, føregår her.

I haust har vi fått starta tre prosjektgrupper, desse er godt i gang med arbeiet. Folkedansgruppa hadde sannsynlegvis vore starta om dette hadde vore eit normalår.

Kontaktopplysningar

Karin Groth 900 98 24 karingroth.kg@gmail.com

Anne Hilde Fosse Osvold 951 00 327 ahfo69@gmail.com

Motteke offentleg støtte:

Vi har motteke støtte til forprosjekt LivOgLyst

Spesifikasjon

Bakgrunn

Innbyggjartalet i Bergsdalen går nedover. I ein aldrande befolkning er vi no ca 60 fastbuande

Bergsdalen har gått frå å være ei jordbruksbygd der dei fleste hadde ei inntekt frå garden, og partnaren hadde jobb utanom. No er situasjonen snudd til at begge må ha jobb utanom. Ungdommar som dreg frå bygda flyttar skjeldan heim. Det kan vera fleire grunnar til det, men fordi dei fleste tek høgskuleutdanning, er ikkje arbeidsmarknaden særleg attraktiv, om du ikkje tek utdanning innan helse og omsorg. I tillegg er det nok

mange av dei som ikkje finn verken Bergsdalen eller Vaksdal kommune særleg attraktiv i øyeblikket. Trenden er at unge folk rømmer kommunen frå alle bygder. Problemet er nok større enn at vi som LivOgLyst prosjekt greier å snu trenden aleine. Vaksdal kommune har starta eit arbeid med dette som tema, men vi som bygd har endå ikkje sett noko til dei eventuelle tiltak som dei tenkjer å komma med.

Ungdommen er vår største ressurs, så vi blir nøydde til å leggja forholda til rette for at dette skal snu. Godt samarbeid med kommunen er vesentleg, men kommunen må òg sjå fordelene med at det bur folk i Bergsdalen.

Vi opplever at Bergsdalen er populær blant hyttefolk, men det er ulike meiningar blant innbyggjarane om kor mange hytter det bør være i bygda. Dalen ber sterkt preg av kraftutbygging, der enkelte bruk har strenge restriksjonar når det gjeld utnytting av eige bruk. Kommunikasjon som breidband, mobilnett og DAB vert bygd ut der det tenar mest folk, som f.eks i hyttefelt, og enkelte innbyggjarar får ikkje tilbod om desse godene. Dette opplevast som urettferdig, og er heller ikkje på pluss sida når det gjeld å få ungdommen til å flytta heim. Hyttefolket kan sitte med heimekontor på hytta under pandemien, men fleire innbyggjarar må sette seg i bilen å kjøre til nærmaste dekningsområde for å logge på nettbanken.

Dalen vert i stadig aukande grad brukt til friuftsliv, både av kommunens eigne innbyggjarar (mange lokale har hytter), men òg av tilreisande frå Bergen og omland som er på dagstur eller går til Dnt-hyttene. Vår, sommar og haust er det òg svært mange utanlandske turistar som kjem. Overnattingsmogelegheiter for desse er svært begrensa, her er det stort potensiale. Bergsdalshytta som har vore eit populær overnattingsstad, ligg i skrivande stund ute for sal. Pandemien sette ein brå stopp for vidare drift der.

Det er som tur og rekreasjonsområde Bergsdalen vert mest brukt. Særleg Dnt stiane er populære og det legg etter kvart stort press på naturen, stiane vert svært opptrakka og utvida år for år. Med all denne trafikken, er det stor mangel på parkeringsplassar og toalettfasilitetar.

Enkelte grunneigarar vert sterkt plaga med stor utfart, og ved større utfart, jo mindre respekt for privatlivets fred eller eigedom. Folk tek seg til rettes. Greier vi med dette prosjektet å «letta trykket» på desse populære stiane, slik at folk tek heile dalen i bruk, vil det vera ein stor fordel.

Bergsdølene har ei sterk dugnadsånd. Men her som dei fleste andre stader, dugnadsviljen er ikkje like stor hos alle, og eldskjelene slit seg ut. Mange er kome høgt i alder men bidreg der dei kan.

Etter at skulen kom i «spel», om bygda skulle overta eller ikkje, vart det stor splid blant innbyggjarane. Dette er det verste som kunne skjedd Bergsdalen. Enkelte har ikkje vore på talefot på lang tid. Dette har sjølv sagt sett sitt preg på all aktivitet i dalen. Heldigvis er det no vorte mykje betre, men vi er ikkje heilt i mål. Framsnakking, og omdømebygging vil vera noko vi skal ha fokus på framover. Det som er sikkert er at alle som bur i bygda, har ein ting felles; alle vil bygda sit beste, uansett ståstad.

Saman mot eit felles mål, der alle ser nytten med å skapa noko saman, og med fokus på fortsatt god mobilisering, så har vi stor tru på at dette skal gå veldig fint.

Frivilligheit

Vi har fremdeles faste arrangement i dalen som har lange tradisjonar. Alle desse er basert på dugnad på tvers av lag og organisasjonar:

- 17. Mai
- Juletefest.
- Arrangerar skirenn og vinteraktivitetar for heile kommunen fleire gonger for vinteren.
- Strikkekafè kvar 14. dag
- Loppemarked m/kafè på fiskedagen som er arrangert av Dale Fiskarlag.

- Medarrangør i Bergsdalen Opp
- Ryddar langs hovedvegen kvar vår
- Stort dugnadsarbeid med oppkjøring og tilrettelegging av skiløyper til allmenn bruk

Å ha arrangement der ein har fokus på gammal tradisjon og kultur er noko vi vil satsa på. Vi har mange kulturminner som bør komma opp og fram. Registrering og fotografering av gamle reiskap er eksempel på ein av desse.

Bygdedagane håpar vi no å få teke opp igjen. Dette var eit særdeles kjekt og samlande arrangement som sprang ut av «Trivselsgrenda» som var noko liknande som LivOgLyst. Vi måtte slutte å arrangere når kommunen ville selje skulen. Vi fekk 11 år med stadig aukande oppslutning, dei to siste åra hadde vi 800 personar som vi forsynte med lokal mat og underhaldning. Mykje av overskotet har vi brukt i år på nytt kjøkken i Ungdomshuset. Ca. 420 dugnadstimar er brukt der i år..

Utvikling

LivOgLyst prosjektet skal hjelpa folk til å iverksetja aktivitet og engasjemeng gjennom dei moglegeheitene som finnst.

- Vidare utvikling av jordbruk inkl. husdyr, kjøttproduksjon, grønsak- og bærproduksjon.
- Småskala reiseliv inkl. naturopplevingar.
- Kultur og folkeliv
- Tilrettelegging for nyetablering
- Tilrettelegging av budstادتomter

LivOgLyst prosjektet

Det er bygdelagsstyret som prosjekteigar som til no har styrt forprosjektet. Me har hatt ei litt vanskeleg tid på fleire måtar. Pandemi er ein av dei. Innad i gruppa, har det vore litt forskjellig forståelse av korleis eit LivOgLyst prosjekt skal organiserast. Me er etter kvart vorte einige, og funne ein arbeidsmåte som fungerer fint. Tre arbeidsgrupper er komne i gang, det gjeld bygdedagar, tretelt/gapahuk og turstiprosjekt som kanskje får namnet «Vandrarveg for deg og meg»

Pga. pandemi har vi ikkje kunna arrangert alle dei møtepunkta som vi hadde tenkt, men ein når langt med å snakka med folk. Det viktigaste no er å få folk med på laget utan at nokon føler seg forbigått på nokon måte. Vi håpar å engasjera folk i alle aldrar, og det skal vi få til ved å skapa gode sosiale møteplassar. Vi trur at hvis folk finn saman og får eigarskap til sitt prosjekt, så vert det gode prosjekt.

Me vil senda ut info til folk etter kvart, både digitalt og i postkasse, der me heile tida oppmodar til deltaking, og informerar om framdrift i dei ulike prosjekt. Me vil òg oppmoda hyttefolk om å komma med innspel. Når forholda tillet det, vil vi igjen invitera til sosiale møtepunkt og vidare idèutvikling. Dei prosjekta vi allereie har sett i gong er relativt store, men vi trur dei vil engasjera folk. At fleire mindre prosjekt vil komma i stand etter kvart er vi heilt sikre på.

Prosjekt mål

- 1: At fleire ungdommar flyttar flyttar heim igjen.

- 2: Bergsdalen skal vera god å bu i, og fleire får lyst til å komma å bu her.
- 2: Skapa ei levande bygd, der bulyst, samarbeid og engasjement står sentralt.
- 3: Bergsdalen skal bli meir synleg som tur og turistmål, men samtidig ta vare på den eigenarten dalen innehar.
- 4:Få fleire til å engasjere seg i dalen, både innbyggjarar og hyttefolk
- 5: Skapa arbeidsplassar

Forankring

Gjennom brei mobilisering og idèdugningar, Bergsdølingen sin store dugnadsvilje, og saman mot eit felles mål, er sjølve forankringa i prosjektet.

Prosjektorganisering

Bergsdalen grendelag er prosjekteigar. Det vil bli lagt opp til samarbeid mellom dei ulike lag i bygda, alt etter prosjekt. Der vi er komne lengst i arbeidet er at vi saman med Ungdomslaget skal ta opp igjen arrangementa av bygdedagane som har vore arrangert i 11 år i regi av Bul. Dette arrangementet har vore lagt på is i fleire år pga den store usikkerheita rundt skulebygget. Det har til no vore to møter med Bul der organisering har vore tema. Det skal lagast ein formell avtale, der rollefordeling, økonomi og informasjon til prosjekteigar skal tydelegjerast.

Som før nevnt, er tre prosjektgrupper danna. Fleire grupper vil verta danna etter kvart, når tida er inne for at folk kan møtast igjen, men akkurat no set pandemien sterke begrensningar.

Me legg opp til at dei forskjellige gruppene rapporterar og samarbeidar med prosjektleiar, som igjen har den formelle kommunikasjonen mellom dei ulike ledd.

Samarbeidspartnarar

Vi ynskjer å ha ei breid gruppe med samarbeidspartnarar. Kommunen si bygdeutviklingsgruppe, Vaksdal turlag, Vaksdal historielag, Hamlagrø velforening, lokale lag som Ungdomslag, Jordbrukslag og sokneråd. Dei aller viktigaste er likevel innbyggjarane som stiller på dugningar og arrangement. Utfordringa er å få fleire hyttefolk til å engasjere seg, der er vi godt i gong, men her må ein jobba over tid...Fleire samarbeidspartnarar kan komme til etter kvart som prosjektet utviklar seg. Vi veit at det er fleire som har gode prosjekt, men som ikkje er komne heilt i gong endå pga pandemien.

Aktivitetar

- | | |
|-----------------------------|--------------------------------------------|
| 1: Tre telt og gapahuk | 5. Pusse opp uteområdet rundt ungdomshuset |
| 2:Infoskilt og turstar | 6: Bygdedag |
| 3:Julemarked | 7: Bord og benkar på sentrale stader |
| 4:Årleg samkoma med god mat | 8: Tilby parsellhage |
| 9: Årleg konsert i kyrkja | |

Målgrupper

Prosjektet må bli godt kjent i lokalmiljøet og i kommunen. Det finns mykje gode ressursar blant hyttefolk, og får vi nokre av desse til å engasjera seg er det eit stort pluss. I begynnelsen må me nok plukka inn folk, men håpet er at fleire etter kvart oppsøker oss frivillig. Me må sjølvstund hjelpe til med god kommunikasjon.

Resultat

Me har høge mål for prosjektet, men me har stor tru på at me skal lukkast:

- Innbyggjarane i dalen skal føla at samarbeid gjev resultat. Den sterke dugnadsånden i dalen er vorte endå sterkare, fleire er med og dreg lasset. Hyttefolk er vorte meir inkludert og har fått større interesse for bygda sitt ve og vel.
- Folk vil flytta hit, ungdom vender heim og vi har tomteland til å bygge hus på.
- Vaksdal kommune prioriterar at det skal bu folk i Bergsdalen.
- Det er kome opp infoskilt ved inngangane til dalen, slik at folk enkelt kan gjere seg kjende.
- Turgåarar sprer seg meir utover enn i dag, der dei fleste kun nyttar Dnt rutene. Fleire turruter er merka, nokre med historieforteljande skilt.
- Det er kome opp små tretelt/ gapahuk i tilknytning til fjellvatna våre. Desse kan nyttast f.eks i forbindelse med fisketur.
- Det er kome opp et par gapahukar med bålpanne til allmenn nytte.
- Bord og benkar er sett opp langs elva.
- Uteområdet rundt ungdomshuset og skulen er vorte meir innbydande.
- Danseskoa er på og det dansast i skulen.
- Bygdedagane er tekne opp at og julemarked og fiskedag er viktige arrangement.
- Organisering og arbeidsmetodar oppnådd i arbeidsperioden skal forhåpentlegvis fortsetja.

Effektar

Vi ynskjer at arbeidet med LivOgLyst prosjektet skal skape trivsel og tilhørigheit til bygda. Alle skal kjenna seg respektert og føla at dei har noko å bidra med, der alle er like viktige. Hyttefolket skal bli meir inkludert og ynskjer å bidra til bygda, og ikkje berre kome opp fredag med retur søndag.

Bygda skal bli endå meir kjend ute, vi skal sette oss på kartet. Besøkjande skal få gode opplevingar.

Sist men ikkje minst.; Fleire vil busetje seg i bygda, fordi det er ei god bygd å bu i, og at det kan vera håp for nokre arbeidsplassar. Ungdommen er framtida, og får vi fleire av dei til å flytta heim etter kvart, vil det skapa ein positivitet som forhåpentlegvis gjer at fleire vil gjera det same.

Tids og kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	Sum
1. Mobiliseringstiltak	40 000	40 000	10 000	90 000
2. Prosjektleiing	25 000	25 000	25 000	75 000
3. Kompetanse/nettverk	30 000	15 000	15 000	60 000
4. Prosjekt/tiltak	35 000	50 000	80 000	165 000
Sum kostnader	130 000	130 000	130 000	390 000

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	SUM
1. Vaksdal kommune	30 000	30 000	30 000	90 000
2. Vestland fylkeskomm	100 000	100 000	100 000	300 000
Sum finansiering	130 000	130 000	130 000	130 000

Kort Beskrivelse

Tre-årig hovedprosjekt LivOgLyst Bergsdalen

Prosjektbeskrivelse

Bergsdalen Bygdelag ynskjer å halda fram med arbeidet om å skapa engasjement om LivOgLyst prosjektet i bygda. Fordi det i år har vore eit vanskeleg år med pandemi, ligg vi litt etter med forprosjektet, men vi har jobba godt i haust for å komma lengst mogeleg, og mykje er no begynt å ta form. I desse dagar går det ut ei spørjeundersøking til ungdom, både fastbuande og utflytta. Denne vil gje oss eit grunnlag for vidare arbeid.

Me har nok ikkje klart å avvikla dei folkemøtene vi hadde tenkt, det siste skulle vi ha når smittebølge to slo inn over oss. Der skulle vi bl.a. få besøk frå Åkrafjorden Oppleving, men dette måtte vi no setta på vent.

Det første mobiliseringsmøtet vårt vart halde i november 2019. Mange idèar og gode innspel kom inn. Sidan har vi ikkje hatt fleire samlingar utanom årsmøte i laget. Her var det fokus på skulebygget, og kva det kan nyttast til.

I søknad til 1-årig prosjekt, var det brukt ein del tid i omtale av skulen. Etter som bygget skal inngå i eit større utviklingsprosjekt av dalen, og behøver ein heilt anna fokus enn det LivOgLyst skal driva med, trur vi det er best at skulenbygget ikkje skal inngå som eige LivOgLyst prosjekt i denne omgang. At den kan bli det etter kvart, kan godt henda. men med tanke på økonomi og organisering er det fort gjort at det ikkje er meir liv og lyst igjen til andre ting.

Skulen er grendahuset vårt og hjertet i bygda, og ein god ressurs når det kjem til mogelegheiter for nye prosjekt. Mange av aktivitetane vi har i dag, føregår her.

I haust har vi fått starta tre prosjektgrupper, desse er godt i gang med arbeiet. Folkedansgruppa hadde sannsynlegvis vore starta om dette hadde vore eit normalår.

Kontaktopplysningar

Karin Groth 900 98 24 karingroth.kg@gmail.com

Anne Hilde Fosse Osvold 951 00 327 ahfo69@gmail.com

Motteke offentleg støtte:

Vi har motteke kr 50 000,- i støtte til forprosjekt LivOgLyst

Spesifikasjon

Bakgrunn

Innbyggjartalet i Bergsdalen går nedover. I ein aldrande befolkning er vi no ca 60 fastbuande

Bergsdalen har gått frå å være ei jordbruksbygd der dei fleste hadde ei inntekt frå garden, og partnaren hadde jobb utanom. No er situasjonen snudd til at begge må ha jobb utanom. Ungdommar som dreg frå bygda flyttar skjeldan heim. Det kan vera fleire grunnar til det, men fordi dei fleste tek høgskuleutdanning, er ikkje arbeidsmarknaden særleg attraktiv, om du ikkje tek utdanning innan helse og omsorg. I tillegg er det nok mange av dei som ikkje finn verken Bergsdalen eller Vaksdal kommune særleg attraktiv i øyeblikket. Trenden er at unge folk rømmer kommunen frå alle bygder. Problemet er nok større enn at vi som LivOgLyst prosjekt greier å snu trenden aleine. Vaksdal kommune har starta eit arbeid med dette som tema, men vi som bygd har endå ikkje sett noko til dei eventuelle tiltak som dei tenkjer å komma med.

Ungdommen er vår største ressurs, så vi blir nøydde til å leggja forholda til rette for at dette skal snu. Godt samarbeid med kommunen er vesentleg, men kommunen må òg sjå fordelene med at det bur folk i Bergsdalen.

Vi opplever at Bergsdalen er populær blant hyttefolk, men det er ulike meiningar blant innbyggjarane om kor mange hytter det bør være i bygda. Dalen ber sterkt preg av kraftutbygging, der enkelte bruk har strenge restriksjonar når det gjeld utnytting av eige bruk. Kommunikasjon som breidband, mobilnett og DAB vert bygd ut der det tenar mest folk, som f.eks i hyttefelt, og enkelte innbyggjarar får ikkje tilbod om desse godene. Dette opplevast som urettferdig, og er heller ikkje på pluss sida når det gjeld å få ungdommen til å flytta heim. Hyttefolket kan sitte med heimekontor på hytta under pandemien, men fleire innbyggjarar må sette seg i bilen å kjøre til nærmaste dekningsområde for å logge på nettbanken.

Dalen vert i stadig aukande grad brukt til friuftsliv, både av kommunens eigne innbyggjarar (mange lokale har hytter), men òg av tilreisande frå Bergen og omland som er på dagstur eller går til Dnt-hyttene. Vår, sommar og haust er det òg svært mange utanlandske turistar som kjem. Overnattingsmogelegheiter for desse er svært begrensa, her er det stort potensiale. Bergsdalshytta som har vore eit populær overnattingsstad, ligg i skrivande stund ute for sal. Pandemien sette ein brå stopp for vidare drift der.

Det er som tur og rekreasjonsområde Bergsdalen vert mest brukt. Særleg Dnt stiane er populære og det legg etter kvart stort press på naturen, stiane vert svært opptrakka og utvida år for år. Med all denne trafikken, er det stor mangel på parkeringsplassar og toalettfasilitetar. Bergen turlag har siste året fått utvida litt parkering, men på langt nær nok. Dei har i tillegg søkt om midlar til stibygging av sherpaer i området, noko som truleg vil auka behovet ytterlegare.

Enkelte grunneigarar vert sterkt plaga med stor utfart, og ved større utfart, jo mindre respekt for privatlivets fred eller eigedom. Folk tek seg til rettes. Greier vi med dette prosjektet å «letta trykket» på desse populære stiane, slik at folk tek heile dalen i bruk, vil det vera ein stor fordel.

Bergsdølene har ei sterk dugnadsånd. Men her som dei fleste andre stader, dugnadsviljen er ikkje like stor hos alle, og eldskjelene slit seg ut. Mange er komne høggt i alder men bidreg der dei kan.

Etter at skulen kom i «spel», om bygda skulle overta eller ikkje, vart det stor splid blant innbyggjarane. Dette er det verste som kunne skjedd Bergsdalen. Enkelte har ikkje vore på talefot på lang tid. Dette har sjølv sagt sett sitt preg på all aktivitet i dalen. Heldigvis er det no vorte mykje betre, men vi er ikkje heilt i mål. Det nystarta bygdelaget som skal eiga og drifta skulen, har starta eit prosjekt der framsnaking og omdømebygging vil vera noko vi skal ha fokus på framover. Vi trur at i samarbeid med LivOgLyst skal vi klara å finna tilbake til det gode samhaldet og gode verdiane som Bergsdølene innehar. Det som er sikkert er at alle som bur i bygda, har ein ting felles; alle vil bygda sit beste, uansett ståstad.

Saman mot eit felles mål, der alle ser nytten med å skapa noko saman, og med fokus på fortsatt god mobilisering, så har vi stor tru på at dette skal gå veldig fint.

Frivilligheit

Vi har fremdeles faste arrangement i dalen som har lange tradisjonar. Alle desse er basert på dugnad på tvers av lag og organisasjonar:

- 17. Mai
- Juletefest.
- Arrangerar skirenn og vinteraktivitetar for heile kommunen fleire gonger for vinteren.
- Strikkekafè kvar 14. dag
- Loppemarked m/kafè på fiskedagen som er arrangert av Dale Fiskarlag.
- Medarrangør i Bergsdalen Opp
- Ryddar boss langs hovedvegen kvar vår
- Stort dugnadsarbeid med oppkjøring og tilrettelegging av skiløyper til allmenn bruk

Å ha arrangement der ein har fokus på gammal tradisjon og kultur er noko vi vil satsa på. Vi har mange kulturminner som bør komma opp og fram. Registrering og fotografering av gamle reiskap er eksempel på ein av desse.

Bygdedagane håpar vi no å få teke opp igjen. Dette var eit særdeles kjekt og samlande arrangement som sprang ut av «Trivselsgrenda» som var noko liknande som LivOgLyst. Vi måtte slutte å arrangere når kommunen ville selje skulen. Vi fekk 11 år med stadig aukande oppslutning, dei to siste åra hadde vi 800 personar som vi forsynte med lokal mat og underhaldning. Mykje av overskotet har vi brukt i år på nytt kjøkken i Ungdomshuset. Ca. 420 dugnadstimar er brukt der i år..

.

Utvikling

LivOgLyst prosjektet skal hjelpa folk til å starta aktivitet og engasjemeng gjennom dei moglegeheitene som finnst.

- Skapa samarbeid, trivsel og stoltheit over bygda si
- Vidare utvikling av jordbruk inkl. husdyr, kjøttproduksjon, grønsak- og bærproduksjon.
- Småskala reiseliv inkl. naturopplevingar.
- Kultur og folkeliv
- Tilrettelegging for nyetablering
- Tilrettelegging av budstادتomter

LivOgLyst prosjektet

Det er bygdelagsstyret som prosjekteigar som til no har styrt forprosjektet. Me har hatt ei litt vanskeleg tid på fleire måtar. Pandemi er ein av dei. Innad i gruppa, har det vore litt forskjellig forståelse av korleis eit LivOgLyst prosjekt skal organiserast. Me er etter kvart vorte einige, og funne ein arbeidsmåte som fungerer fint. Tre arbeidsgrupper er komne i gang, det gjeld bygdedagar, tretelt/gapahuk og turstiprosjekt som kanskje får namnet «Vandrarveg for deg og meg»

Pga. pandemi har vi ikkje kunna arrangert alle dei møtepunkta som vi hadde tenkt, men ein når langt med å snakka med folk. Det viktigaste no er å få folk med på laget utan at nokon føler seg forbigått på nokon måte. Vi håpar å engasjera folk i alle aldrar, og det skal vi få til ved å skapa gode sosiale møteplassar. Vi trur at hvis folk finn saman og får eigarskap til sitt prosjekt, så vert det gode prosjekt.

Me vil senda ut info til folk etter kvart, både digitalt og i postkasse, der me heile tida oppmodar til deltaking, og informerar om framdrift i dei ulike prosjekt. Me vil òg oppmoda hyttefolk om å komma med innspel. Når forholda tillet det, vil vi igjen invitera til sosiale møtepunkt og vidare idèutvikling. Dei prosjekta vi allereie har sett i gong er relativt store, men vi trur dei vil engasjera folk. At fleire mindre prosjekt vil komma i stand etter kvart er vi heilt sikre på.

Prosjektmål

- 1: At fleire ungdommar flyttar flyttar heim igjen.
- 2: Bergsdalen skal vera god å bu i, og fleire får lyst til å komma å bu her.
- 2: Skapa ei levande bygd, der bulyst, samarbeid og engasjement står sentralt.
- 3: Bergsdalen skal bli meir synleg som tur og turistmål, men samtidig ta vare på den eigenarten dalen innehar.
- 4: Få fleire til å engasjere seg i dalen, både innbyggjarar og hyttefolk
- 5: Skapa arbeidsplassar

Forankring

Gjennom brei mobilisering og idèdugadar, Bergsdølingen sin store dugnadsvilje, og saman mot eit felles mål, er sjølve forankringa i prosjektet.

Prosjektorganisering

Bergsdalen grendelag er prosjekteigar. Det vil bli lagt opp til samarbeid mellom dei ulike lag i bygda, alt etter prosjekt. Der vi er komne lengst i arbeidet er at vi saman med Ungdomslaget skal ta opp igjen arrangeringa av bygdedagane som har vore arrangert i 11 år i regi av Bul. Dette arrangementet har vore lagt på is i fleire år pga den store usikkerheita rundt skulebygget. Det har til no vore to møter med Bul der organisering har vore tema. Det skal lagast ein formell avtale, der rollefordeling, økonomi og informasjon til prosjekteigar skal tydelegjerast.

Som før nevnt, er tre prosjektgrupper danna. Fleire grupper vil verta danna etter kvart, når tida er inne for at folk kan møtast igjen, men akkurat no set pandemien sterke begrensningar.

Me legg opp til at dei forskjellige gruppene rapporterar og samarbeidar med prosjektleiar, som igjen har den formelle kommunikasjonen mellom dei ulike ledd.

Samarbeidspartnarar

Vi ynskjer å ha ei breid gruppe med samarbeidspartnarar. Kommunen si bygdeutviklingsgruppe, Vaksdal turlag, Vaksdal historielag, Hamlagrø velforening, lokale lag som Ungdomslag, Jordbrukslag og sokneråd. Dei aller viktigaste er likevel innbyggjarane som stiller på dugnadar og arrangement. Utfordringa er å få fleire hyttefolk til å engasjere seg, der er vi godt i gong, men her må ein jobba over tid...Fleire samarbeidspartnarar kan komme til etter kvart som prosjektet utviklar seg. Vi veit at det er fleire som har gode prosjekt, men som ikkje er komne heilt i gong endå pga pandemien.

Aktivitetar

- | | |
|------------------------------|--------------------------------------------|
| 1: Tre telt og gapahuk | 5. Pusse opp uteområdet rundt ungdomshuset |
| 2: Infoskilt og turstar | 6: Bygdedag |
| 3: Julemarked | 7: Bord og benkar på sentrale stader |
| 4: Årleg samkoma med god mat | 8: Tilby parselhage |
| 9: Årleg konsert i kyrkja | 10: Dansegruppe |

Målgrupper

Prosjektet må bli godt kjendt i lokalmiljøet og i kommunen. Det finns mykje gode ressursar blant hyttefolk, og får vi nokre av desse til å engasjere seg er det eit stort pluss. I begynnelsen må me nok plukka inn folk, men håpet er at fleire etter kvart oppsøker oss frivillig. Me må sjølvsagt hjelpe til med god kommunikasjon.

Resultat

Me har høge mål for prosjektet, men me har stor tru på at me skal lukkast:

- Innbyggjarane i dalen skal føla at samarbeid gjev resultat. Den sterke dugnadsanda i dalen er vorte endå sterkare, fleire er med og dreg lasset. Hyttefolk er vorte meir inkludert og har fått større interesse for bygda sitt ve og vel.
- Folk vil flytta hit, ungdom vender heim og vi har tomteland til å bygge hus på.
- Vaksdal kommune prioriterar at det skal bu folk i Bergsdalen. Dette kan gjerast på fleire måtar, f.eks hjelpe til med tilrettelegging av hustomter/ spreidd busetnad, stimuleringstilskot vet etablering, lågare eigedomsskatt til fastbuande, prioritere utbygging av fibernett til alle, utarbeide heilheitleg plan for utbygging av hytter, arbeide for betre standard på fylkesvegen..
- Det er kome opp infoskilt ved inngangane til dalen, slik at folk enkelt kan gjere seg kjende.
- Turgårar sprer seg meir utover enn i dag, der dei fleste kun nyttar Dnt rutene. Fleire turruter er merka, nokre med historieforteljande skilt.
- Det er kome opp små tretelt/ gapahuk i tilknytning til fjellvatna våre. Desse kan nyttast f.eks i forbindelse med fisketur.
- Det er komme opp et par gapahukar med bålpanne til allmenn nytte.
- Bord og benkar er sett opp langs elva.
- Uteområdet rundt ungdomshuset og skulen er vorte meir innbydande.
- Danseskoa er på og det dansast i skulen.
- Bygdedagane er tekne opp at og julemarked og fiskedag eg viktige arrangement.
- Organisering og arbeidsmetodar oppnådd i arbeidsperioden skal forhåpentlegvis fortsetja.

Effektar

Vi ynskjer at arbeidet med LivOgLyst prosjektet skal skape trivsel og tilhørigheit til bygda. Alle skal kjenna seg respektert og føla at dei har noko å bidra med, der alle er like viktige. Hyttefolket skal bli meir inkludert og ynskjer å bidra til bygda, og ikkje berre komme opp fredag med retur søndag.

Bygda skal bli endå meir kjend ute, vi skal sette oss på kartet. Besøkjande skal få gode opplevingar.

Sist men ikkje minst.; Fleire vil busetje seg i bygda, fordi det er ei god bygd å bu i, og at det kan vera håp for nokre arbeidsplassar. Ungdommen er framtida, og får vi fleire av dei til å flytta heim etter kvart, vil det skapa ein positivitet som forhåpentlegvis gjer at fleire vil gjera det same.

Tids og kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	Sum
1. Mobiliseringstiltak	40 000	40 000	10 000	90 000
2. Prosjektleiing	25 000	25 000	25 000	75 000
3. Kompetanse/nettverk	30 000	15 000	15 000	60 000
4. Prosjekt/tiltak	35 000	50 000	80 000	165 000
Sum kostnadar	130 000	130 000	130 000	390 000

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	SUM
1. Vaksdal kommune	30 000	30 000	30 000	90 000
2. Vestland fylkeskomm	100 000	100 000	100 000	300 000
Sum finansiering	130 000	130 000	130 000	130 000



Bergsdalen Bygdelag
c/o Karin Groth Høgabuvegen 12
5722 DALEKVAM

Referanser:

Dykkar:
Vår: 20/1291 - 21/228

Saksbehandlar:

Oliver Gravermoen
oliver.gravermoen@vaksdal.kommune.no

Dato:

11.01.2021

Løyving av kommunalt bidrag til Bergsdalen LoL i tilfelle treårig prosjekt

Hei,

Vaksdal kommune har motteke søknaden dykkars om tilskot pålydande kr 30 000 per år i tre år til fortsatt Liv og Lyst (LoL) prosjekt i Bergsdalen. Vestland Fylkeskommune sin frist for sakshandsaming er 17.01.21, og godkjent søknad vil utløyse eit tilskot på kr 100 000 per år i tre år.

Bergsdalen Bygdelag som søker har allereie gjennomført eit eittårig forprosjekt som vart noko annleis enn planlagt, i pandemiåret 2020. Årets søknad dokumenterar dette godt, og inneheld ein grundig, god og ærleg analyse av Bergsdalen sine utfordringar, med ei rekkje gode, realistiske og gjennomførbare tiltak og forslag til aktivitet. Bygdelaget ynskjer å inkludere fastbuande og tilreisande, og med den føreståande overtakinga av skulen samt gode planar for korleis dei saman skal skapa meir bulyst i dalen er eit Liv og Lyst prosjekt eit glimrande høve til å arbeide med dei utfordringane bergsdølingane sjølv har identifisert.

Vaksdal kommune løyver med dette kr 30 000 per år i tre år i tilfelle bygdelaget får tilslag på treårig LoL-prosjekt. Vi ynskjer lykke til med arbeidet!

Med helsing

Atle Fasteland
Rådmann

Oliver Gravermoen
Saksbehandlar

Kopi til:

Ingeborg Sofie Sætrevik

Mottakarar:

Bergsdalen Bygdelag

c/o Karin Groth
Høgabuvegen 12

5722

DALEKVAM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.02.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	20/1622

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES IDRETTSLAG FOR INNKJØP AV KAJAKKAR OG DELTAKING PÅ PADLEKURS

Vedlegg:

Søknad om midlar til innkjøp av kajakkar og kompetanseheving

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver kr 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stamnes Idrettslag for innkjøp av kajakkar og deltaking på padlekurs.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotet skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Godkjend kostnad er sett til kr 66 339,-, jf. budsjett. Løyvinga vert ikkje knytt til ein fast proSENTSATS av faktisk kostnad, og kostnaden kan avvike frå godkjend kostnad.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med dokumentasjon av faktisk kostnad. Rapporten skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført. Delutbetaling kan finne stad på førespurnad.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stamnes idrettslag søker om kr 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av kajakkar og deltaking på padlekurs som aktivitets- og trivnadsfremjande tilbod i stamnesbygda.

Rådmannen har vurdert søknad i høve til «Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklings-

utvalet», og gjer framlegg om å løyve kr 15 000,- til tiltaka.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling for 2021.

I søknad av 09.11.20 søker Stamnes Idrettslag, v/ Renathe Vik, om kr 15 000,- i tilskotsmidlar til innkjøp av 4 kajakkar med tilhøyrande utstyr og deltaking på grunnkurs i padling for dugnadsgjengen i «padleklubben» og lokal ungdom under 20 år (til saman 7 kursdeltakarar). Søknaden kom inn i 2020, men vart ikkje handsama grunna reglar om søknadsfrist. Den vart difor overført til 2021.

Søklar opplyser at føremålet med planlagd tiltak er å skape aktivitet og samhald i stamnesbygda, og tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet vil vere med å leggje til rette for dette. Kajakane skal liggje ved kommunekaien på Stamnes, der born og ungdom kan låne dei gratis, og i tillegg få finansiert deltaking på padlekurs. Andre innbyggjarar og turistar kan gjere avtale om leige. Reglar og utleige-kontraktar skal utarbeidast. Det går òg fram av søknaden at det er planar om opplæringsdag og fellesturar.

Samla kostnad er oppgjeve til kr. 66 339, og søknaden om tilskot utgjer soleis kring 22 % av følgjande kostnadsoppsett:

Kajakkar (4 stk), årer, vestar og sprutetrekk	kr. 35 800,-
Grunnkurs for ungdom (kr 3250,- x 4)	kr 13 000
Grunnkurs/kompetanseheving, «padleklubben» (kr 3250,- x 3)	kr 9 750,-
Stativ og kasse for lagring	kr 7 789,-
SUM	kr 66 339,-

Kajakane er kjøpt inn, medan deltaking på padlekurs skal finne stad i løpet av 2021.

Formelt grunnlag

«Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20:

Løyving av tilskot til søknadar med søknadssum under kr 15 000,- kan skje i kvart møte.

- Løyving av tilskot til søknadar over kr 15 000,- skjer to gongar i året.
- Tildelingar i tidleg fase vil kunne vere med å leggje retning for kven som seinare skal kunne søkje midlar frå Bygdeutviklingsutvalet. Utvalet må difor vurdere om innkomne søknadar er i tråd med vilkåra for tilskotsordninga.

Vurdering og konsekvensar

I følge retningslinene for bygdeutviklingsmidlane kan det søkjast om tilskot til prosjekt eller aktivitetar med ålmenn nytteverdi. Målet med tilskotsordninga er å skape trivnad og stimulere til aktivitet som er tilgjengeleg for «alle». I dette høve kan det mellom anna gjevast tilskot til innkjøp av materiell/utstyr, kompetanseheving og gjennomføring av prosjekt.

Føremålet med søknaden frå Stamnes Idrettslag er i samsvar med retningslinene for tildeling av bygdeutviklingsmidlar, både når det gjeld innkjøp av kajakkar og deltaking på padlekurs. I dette høve ser Rådmannen på idrettslaget sine aktivitets- og trivnadsfremjande tilbod, spesielt for born og ungdom, som svært verdfulle, kombinert med den opplæringa det vert lagt til rette for.

Kostnadsoppsettet i søknaden innfri retningslinene sine krav til budsjettering, med synleggjering av eigeninnsatsen (dugnad med meir).

Retningslinene seier at det, om mogeleg, skal leggjast vekt på geografisk spreining ved fordeling av midlar, og at bygder som ikkje har fått tildeling før, skal prioriterast. Bygda Stamnes har ikkje motteke midlar før, og søknaden frå idrettslaget er den første til handsaming i 2021.

Konklusjon

Søknaden frå Stamnes Idrettslag er i samsvar med retningslinene og kriteria for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet.

Rådmannen går inn for at det vert løyvd kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til idrettslaget for innkjøp av 4 kajakkar med tilhøyrande utstyr, og til deltaking på padlekurs.

Til bygdeutviklingsutvalet

Søknad om midlar til innkjøp av kajakkar og kompetanseheving

Stamnes Idrettslag har i vår og sommar gått til innkjøp av fire kajakkar, to enkle og to doble, som me tenkjer å leige ut til lokalbefolkning og turistar, born og unge t.o.m. 19 år får låne gratis. Kajakane har fått fast plass på kommunekaien på Stamnes, slik at dei er godt synlege for alle. Til dette trengte me stativ og ein kasse til vestar og utstyr. Me har óg danna ein liten «padleklubb» som har ansvar for vedlikehald og utleige av kajakane. Ingen av oss i laget hadde padleerfaring frå tidlegare, og idrettslaget bestemte derfor at dei som ville ta del i dugnaden skulle få dekkja Grunnkurs i padling. I tillegg ville me prøve å få ungdommane i bygda med på padling, og bestemte derfor å dekkje kurset for alle ungdommar opp til 19 år.

Av dugnad til no kan me nemne innkjøp og henting av kajakkar og nødvendig utstyr.

Montering av stativ og kasse. Utarbeiding av reglar og utleigekontrakt. Planane me hadde om fellesturar og opplæringsdag måtte me, grunna korona, dessverre utsetje til neste år.

Budsjett:

Kajakkar, årer, vestar og spruttrekk	35 800,-
Grunnkurs for ungdom(4x3250,-)	13 000,-
Grunnkurs/kompetanseheving i padleklubben(3x3250,-)	9750,-
Stativ og kasse til oppbevaring	7789,-
Sum	66 339,-

Me har stor tru på at dette initiativet vil skape både aktivitet og positivt samhald i bygda vår, og me håpar derfor at Bygdeutviklingsutvalet vil støtte oss med midlar til dette prosjektet.

Dessverre var me forseine til å søkje på møtet i september, der me kunne søkt om meir enn 15 000,-, derfor søkjer me no om 15 000,-.

Venleg helsing

Stamnes Idrettslag

v/Renathe Vik

Tlf: 911 79 673

renathev@hotmail.com